



Sunnfjord kommune

# Politikk og administrasjon – saman om omstilling

Kommunestyret 21. mars 2024

# Saman om omstilling

Korleis kan politisk og administrativ leiing sikre at prosessane vert gjennomført på ein måte som ivaretak brukarar og tilsette på ein god måte, samstundes som kommunen går gjennom heilt naudsynte omstillingar på fleire område?

Gunn Merete Paulsen, V

# Saman om omstilling

Politikk og administrasjon må saman fortelje om kvifor vi må gjere endringar

- meir krevjande kommuneøkonomi
- store demografiske endringar
- knappheit på arbeidstakrarar innan fleire fagområde

Ei felles erkjenning av fakta og at vi vil få det langt tyngre der framme – om vi ikkje gjer tiltak no. Det er ingen krise i dag!

Vi må informere både tilsette, innbyggjarar og brukarar om prosessen vi skal starte.



# Saman om omstilling

Det vil bli mobilisering mot endringar. Då må både politikk og administrasjon vere klare i bodskapen om at vi gjer dette for å møte dei tre utfordringane

- Økonomi
- Demografi
- Rekruttering

Vi må saman fortelje at vi gjer endringar for å sikre gode tenester. Vi vil flytte ressursar fordi nye grupper får større behov, andre mindre.



# Saman om omstilling

Politikk og administrasjon må ha ein dialog som gjer til at vi saman ser heilskapen.

Å sjå heilskapen kan handle om kor tid og korleis administrasjonen legg opp til vedtak.

Utfordring; mindre stykkevis og delt, meir samstundes førehaving av saker som har følgjer for dei same brukarane.

Komplekst, men mål om å få det til.



# Saman om omstilling

Politikk og administrasjon må vere samde om at prosessen må vere open:

- Gode samtalar gir tryggleik, rykte gir motstand
- Innbyggjarar, tilsette og brukarar må få kome med sine meininger
- God informasjon gir auka forståing



# Saman om omstilling

Prosessen skal ta med dei tilsette:

- Tidleg medverknad, ingen gryteklaare løysingar frå KD tidleg
- Tillitsvalde og vernetenesta sentrale i prosessen
- Sikre tilgang til den same informasjonen
- Hjelpe kvarandre som partar
- Følgje avtaleverket
- Ikkje gløyme verdiane; EIN (engasjert, inkluderande og nær)



I bodskapen om at vi skal spare , omstille og flytte ressursar, må vi samstundes vere klare på at vi skal utvikle dei kommunale tenestene til beste for innbyggjarane.

# Ja, vi skal spare og omstille, men også utvikle!



9 INNHOVDEBUTT OG HØVSLIP  
KRETT

HUGAAS  
arkitekter



Sunnfjord kommune

Fromsida > Tenester > Utvikling i Sunnfjord kommune > Kommunale bygge- og utviklingsprosjekt > Nye Sande skule

Translate ▾ Mi side Politikk Skjema Søk

## Nye Sande skule



NYE FUSK UTMOMHUS  
PERSPEKTIV FRÅ NORD

## Frisksenteret i Naustdal – då er vi i gang!



Fotograf: Sunnfjord kommune

No skjer det! Kommunestyret vedtok i desember 2022 oppstart av arbeidet med ombygging av kommunehuset og bankbygget i Naustdal til «Frisksenter».

Etter mange år med vurdering av ulike løysingar vart det i 2021 bestemt at vi skulle nyte kommunehuset og bankbygget i Naustdal som lokale for dei kommunale helsetenestene.

Det har vore eit godt og konstruktivt samarbeid mellom brukargruppa, arkitekt og rådgjevarar. Våren 2022 la dei fram planar som gir funksjonelle, gode og framtidssrette løysingar for tenestetilbodet og innbyggjarane i bygda.



NYE FBSK UTMOMHUS  
PERSPEKTIV FRÅ NORD

Det må vi også fortelje!

# Samarbeid er:

**At vi veit det same...**




*Veit du kva, det visste eg faktisk ikkje....  
Alle må ha tilgang til den same informasjonen*



# Samarbeid er:

## Realistiske prosessar



Sunnfjord kommune

Arkivsak: 24/1626  
Dokument: 24/14306  
Saksbehandlar: Lise Mari Haugen  
Dato: 06.03.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/24	Eldrerådet	12.03.2024
014/24	Ungdomsrådet	18.03.2024
010/24	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	12.03.2024
016/24	Utvælet for helse og omsorg	13.03.2024
027/24	Utvælet for næring og miljø	13.03.2024
015/24	Utvælet for oppvekst og kultur	13.03.2024
042/24	Formannskapet	14.03.2024
020/24	Kommunestyret	21.03.2024

### Tenesteanalyse - nivå på innsparing og omstilling

#### Innstilling frå Formannskapet 14.03.2024:

Sunnfjord kommune planlegg for ei samla innsparing på 121 mill. kroner og omstilling på 84 mill. kroner i perioden 2024-2032. Dersom føresetnadane endrar seg kan tiltak utsetjast eller avviklast.

Tidspunkt for gjennomføring av dei ulike innsparings- og omstillingstiltaka skal vurderast ved framlegging av dei ulike tiltaka i mai/juni 2024.

Omfang av omstilling og innsparing vert fordelt på sektorane etter forventa demografisk utvikling og innsparingspotensiale samanlikna med andre kommunar.

Plan for innsparing av 71 mill. kroner i perioden 2035 - 2039 vert å kome tilbake til i ein seinare folkevaldperiode.


Tenesteanalysen skal halde fram og bli meir konkret på kva dei ulike sektorane og tenestene har effektiviseringspotensiale.

Framlegga til nivå på innsparing og omstilling må vere realistisk innretta både i nivå, tid for effekt og ved at det er samsvar mellom tenesteanalyse og tiltak.

Innsparingstiltaka i den første fireårsperioden må heile tida vurderast opp mot forvarleg og god drift i dei ulike tenesteområda.

Tidleg innsats og førebyggjande arbeid må prege innsparings- og omstillingsprosessen. Viktig at brukarorganisasjonane og brukarinvolvering vert ivaretakne i arbeidet.


Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:



*At vi meiner det er mogleg å få det til.....*

# Samarbeid er:

## Respekt for kvarandre



*Ja, vi sit i same båt, men det som er lett for ein kan vere særsvanskeleg for den andre.*

respekt!

# Samarbeid er:

## Interesse for andre sin ståstad



*Vi må høre på kva dei andre omtaler som utfordringar i prosessen.*

*Vi må svare med ei erkjenning*

# Samarbeid er:

**Å hjelpe kvarandre som partar**



*Når vi hjelper kvarandre – får vi det til!*

# Dette får vi til om vi er flinke til å:

**Informere**

**Vere realistiske**

**Respektere**

**Vise interesse**

**Hjelpe kvarandre**

